



Presisering av ordensreglement - Oltedal skole

(utg.punkt i felles kommunalt ordensreglement for Gjesdalskolen)

*Skolen vår er ein arbeidsplass der alle skal ha det godt og kjenne seg trygge.
Dette vil krevje at alle på skolen viser vilje til samarbeid og har respekt for kvarandre.*

Fellesreglar:

- I skoletida skal du vere innanfor skoleområdet.
- Ta godt vare på bøker og anna skolemateriell.
 - Ting du mister eller øydelegg må du erstatte.
 - Gjer du skade på bøker eller utstyr som tilhøyrer skolen, elevar eller tilsette, har føresette erstatningsplikt.
 - Skolen er ikkje forplikta til å erstatte ting som du mister eller blir stole.
- Ingen har lov til å skade eller øydeleggje for andre. Elevane har difor ikkje lov til å ha med ting eller reiskap som kan brukast til skade for andre. Døme på aktivitetar som ikkje tillatast er:
 - snøballkasting
 - sykle eller rollerblades i skolegården i skole-og Sfo-tida
 - Elevane får ikkje ta med våpen eller våpenliknande gjenstander.
- Elevane skal ikkje ha med snop på skolen utan etter avtale.
- Elevane skal ikkje bruke hovudplagg som skjuler auge og øyre (utanom religiøse plagg)
- Elevane skal ikkje bruke hovudtelefonar (headset) i timar, utan at lærar gir lov til dette.

1.-7.klasse:

- Det skal ikkje brukast utesko inne på skolen. Eigne reglar for Mat&helse og K&H-avd.
- Yttertøy skal hengje i garderoben.
- Personlege leiker skal ikkje tas med på skolen.
- Elevane skal ikkje ha med tyggis på skolen.

8.-10.klasse:

- Elevene på 8.-10. trinn skal ikkje bruke mobiltelefon/smartklokker i skoletida. Om elevar har mobil/smartklokke med, skal den liggje avslått eller i flymodus i sekken.
- Lærer kan tillate den til fagleg bruk.
 - Det vil bli gitt ordensanmerkning ved brot på mobilreglementet.
- Yttertøy skal som hovedregel hengje i garderoben.